



## 2.1.10

# Utstyr og innreiing av vallokalet

Val av sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøtet

Ved inngangen til vallokalet bør det henge ei oversikt over innreiinga av vallokalet, med nødvendige opplysningar til veljaren om rekkjefølgja. Sjå skisse over innreiing av vallokalet til høgre.

På bordet med røystesetlar bør det også ligge brosjyrar med nærmare presentasjon av kandidatane (både til SR-valet og til BDR/KM-valet). Der det er aktuelt, bør omsetjing av rettleiinga på røystesetelen til det aktuelle samiske språket ligge saman med røystesetlane.

I den delen av vallokalet der veljaren usedd kan handtere røystesetlane, bør det vere ein røystebås, men det er ikkje noko krav om dette. Kravet er at veljaren usedd og uforstyrra skal kunne utføre eventuelle endringar på røystesetlane og brette røystesetlane saman. I denne delen av vallokalet bør det vere oppslag som viser korleis røystesetlane (både for soknerådsvalet og for bispedømmerådsvalet) skal handterast på korrekt måte, i tillegg til oppslag med nærmare informasjon om kandidatane.

Det må vere god merking i vallokalet, slik at det er lett å orientere seg. Veljarane må kunne få nødvendig rettleiing og hjelp.


**Røystesetlar** for alle lister bør ligge inne i røystebåsen og/eller på eit eige bord i vallokalet. Ein medlem av røystestyret skal jamleg kontrollere at røystesetlar for alle vallistene heile tida er tilgjengelege.

**Manntalslista** vil ha éin kolonne for avkryssing. Her blir alle som har møtt fram for å røyste, registrerte.

Dei som ved valet til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet har røysterett som prest eller lek kyrkleleg tilsett, vil vere avmerkte i manntalet, og skal ikkje kunne røyste ved det direkte valet av leke medlemmer til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet.

Blir valet halde over to dagar, kryssar ein av i manntalet med ulik penn/blyant, t.d. blå den første dagen, raud den andre dagen. Dette gjer det enklare å telje opp kor mange som har røysta på dei ulike valdagane.

**Valurner** kjøper ein inn lokalt. Det bør gjerast i god tid (før sommaren). Innkjøp kan med fordel koordinerast på fellesrådsnivå. Det finst fleire aktuelle leverandørar. I 2015 vil kommunane stort sett få bruk for sine eigne valurner til



komunestyre- og fylkestingsvalet, så dei fleste stader må kyrkjelydane skaffe eigne urner. Ulike lokale løysingar kan nyttast, så lenge krava til valurner (sjå nedanfor) er oppfylte.

Dei formelle krava til ei valurne er at ho skal bere den offisielle logoen til Den norske kyrkja, at ho skal vere mogleg å låse, og at det skal vere mogleg å plombere ho. Plombering (forsegling) skal kunne gjerast med lakk og segl, plaststrips eller liknande. Det er ikkje stilt andre krav utover dette. Logoen kan påførast anten ved å lime eit ark med logoen på urna, eller ved hjelp av klistermerke med våpenet til Den norske kyrkja. Ein tek sikte på at slike klistermerke skal bli tilgjengelege. Nærmore opplysningar om dette kjem på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no) / [www.kirkevalget.no](http://www.kirkevalget.no).

Blir valet halde over to dagar, skal urna oppbevarast forsvareg frå den eine dagen til den neste. Urna skal plomberast når vallokalet blir stengt første dagen. Plomberinga skal fjernast i påsyn av røystestyret ved opninga av vallokalet den andre dagen, og røystinga held då fram utan at urna blir tömd for røystesetlar.

Når fleire sokn held val i det same lokalet, må det nyttast éi urne for kvart sokn, slik at urnene kan takast med til oppteljingslokalet i dei respektive sokna.

## Hugsliste for utstyr i vallokalet

- Manntalslister (for den aktuelle røystekrinsen)
- Røystesetlar for soknerådsvalet
- Røystesetlar for bispedømmerådsvalet (jf. bdr § 2-10-1)
- Stempel med namnet på soknet
- Røystesetelkonvoluttar for soknerådsvalet (kvit farge, format C5)
- Røystesetelkonvoluttar for bispedømmerådsvalet (farga konvolutt, format C5)
- Omslagskonvoluttar, i litt større format (kvit eller farga, format B5)
- Presentasjonsbrosjyre eller plakat med informasjon om kandidatane til soknerådsvalet
- Presentasjonsbrosjyre eller plakat med informasjon om kandidatane til bispedømmerådsvalet
- Plakat som viser innreiinga av vallokalet og i kva rekjkjefolgje ein skal gå fram (til oppslag)
- Plakat som viser korleis ein røystar ved soknerådsvalet (til oppslag, i røystebåsar osv.)
- Plakat som viser korleis ein røystar ved bispedømmerådsvalet (til oppslag, i røystebåsar osv.)
- Valurne (jf. sr § 10-4 andre ledd)
- Behaldarar eller posar for oppbevaring av røystesetlar som er tekne ut av valurna dersom urna er fylt opp. Desse må kunne forseglast.
- Regelverk (reglar, rundskriv og valhandboka for kyrkjevalet i 2015, ev. rettleiing for røystestyre om korleis valet skal gjennomførast på valdagen, og ev. rettleiing for oppteljing)
- Rapportskjema for røystestyre (ev. valbok dersom det er berre éin røystested i soknet)
- Skrivesaker: pennar/blyantar (svarte, blå og raude for veljarane og for røystestyret), ev. tusj for merking
- Forseglingsmateriell (lakk, segl eller strips)
- Ev. røystebås, skjermbrøtt e.l.

Ein må syte for at veljarar med nedsett funksjonsevne utan vanskar kan ta seg inn i røystelokalet. Ein bør dessutan syte for bevertning til røystestyret.